

Allkunne forsvarar opphavsretten

Notat frå Allkunne AS 6.1.2011

Allkunne skal utvikle og publisere elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk. Stoffet Allkunne publiserer, skal vere fagleg påliteleg og oppdatert, språkleg velskrive, presist og lett tilgjengeleg. Tekstane skal vere lett tilgjengelege for den allmenne brukaren og så langt råd er kunne forståast av elevar i ungdomsskulen.

1. Kva handlar denne saka om?

Dette er ei sak om opphavsrett og ingen ting anna. Vi veit at mange er usikre i spørsmål om opphavsrett på Internett, og at mange blir utsette for krenking av eigen opphavsrett på Internett. Allkunne er ein profesjonell publisist som byggjer på opphavsretten og som gjer det vi kan for å verne om denne retten. Det kjem forfattarane til gode, og det kjem publikum til gode.

2. Korleis tok Allkunne kontakt med Wikipedia?

Wikipedia fekk brevet frå Allkunne før saka var offentleg kjend. Brevet blei sendt til det som ifølgje nettsidene til Wikipedia er rette mottakaren for slike brev. I ettertid har Wikimedia Noreg, ein medlemsorganisasjon med formål ”å styrka Wikimedia-prosjekt”, i media gitt uttrykk for at dei (også) er rette mottakaren av brevet. Allkunne vil no kontakte dei også.

3. Kva slags publikasjon er Allkunne?

Allkunne er eit redigert digitalt oppslagsverk der ingen ting blir publisert før det er redaksjonelt godkjent. Allkunne legg vekt på å gi publikum påliteleg, redigert informasjon med konsistente vurderingar av kva som bør vere med i ein artikkel av ei viss lengd om eit gitt emne.

4. Åndsverklova er den same for alle i Noreg

Opphavsrettsreglane er ikkje prinsipielt annleis på Internett enn for anna publisering. I tillegg til juridiske reglar for plagiat, sitat og parafrase finst det også klare etiske reglar for kjeldebruk. Inga form for fildelingskultur kan gjere det legalt eller legitimt å gi andre sine verk ut for sine egne. Det er fullt mogleg å utvikle system for fildeling som samstundes respekterer åndsverklova og andre relevante lover og forskrifter. Allkunne har valt å følgje den velprøvde praksis som gjennom lang tid er etablert for tradisjonell redaksjonell publisering.

5. Kva krev Allkunne av kjeldebruk?

Allkunne stiller strenge kjeldekrav til forfattarane sine. Dei skal ikkje bruke andre allmenne oppslagsverk som kjelde med mindre det aktuelle verket er primærkjelde og inneheld opplysningar som ikkje finst andre stader, og som kan stadfestast som korrekte. Forfattarane må dermed sjølve bearbeide stoffet og gi det si form. Med det reduserer vi også til eit absolutt minimum faren for misbruk av kjelder. Artiklane skal vere forskings- og kunnskapsbaserte – pålitelege, oppdaterte, velskrivne, og følgje gjeldande normer for gode Internett-artiklar.

6. Kva krev Allkunne av forfattarane sine?

Alle forfattarane signerer ein standardkontrakt som Allkunne har forhandla fram med Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. I den heiter det m.a.: ”Utgivar føreset at Forfattaren ikkje skriv av, plagierer eller krenkjer opphavsretten til andre, og at normene for god skikk er følgde. Forfattaren svarar for at Utgivaren får all nødvendig informasjon om moglege tvilstilfelle. Manuskript frå Forfattaren må skilje seg klart frå eventuelle manuskript

av Forfattaren som annan utgivar har publisert i digital og/eller trykt versjon”. Alle innkomne manus blir lesne av minst tre personar. Etter redaksjonell vurdering og eventuell bearbeiding frå forfattaren blir manuskriptet språkvaska i samsvar med rettskrivingsnorma for Allkunne, og så publisert.

7. Kven skriv i Allkunne?

Til no har om lag 100 forfattarar publisert artiklar i Allkunne. Allkunne rekrutterer forfattarane sine etter desse kriteria: fagkompetanse, evne til formidling, evne til å levere, god språkføring, stø i rettskriving og erfaring med å skrive for Internett. Ein del forfattarar må ha særleg røynsle med å formidle stoff til skuleelevar. Allkunne arbeider systematisk for å få fleire kvinner til å skrive.

8. Kvifor krev Allkunne erstatning frå Wikipedia?

Allkunne honorerer alt publisert stoff i samsvar med avtalen mellom Allkunne og Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. Honorar gjer arbeidet forpliktande for forfattarane, og dei får dermed ei viss godtgjersle for å stille tid og kompetanse til rådvelde for eit breitt publikum. I dette tilfellet var det nødvendig for Allkunne å talfeste ein sum for den skaden Wikipedia har utøvd og som markerer at Wikipedia har brukt materiale andre har betalt for å utvikle. Dette er gjort i tråd med etablert juridisk praksis på dette området i Noreg.

9. Kvifor krev Allkunne at Wikipedia skal dekkje sakskostnadene?

Grunnregelen i eit samfunn som det norske er at den som har påført ein annan part skade, gjer opp for seg. Då Allkunne blei klar over dette lovbrøtet, var det nødvendig å undersøkje saka nøye, både i form av gjennomgang av meir publisert materiale frå Wikipedia og ved å ta ei juridisk vurdering. Å bruke juridisk ekspertise i slike saker reduserer konfliktnivået og klargjer raskare kva striden gjeld og kva som må gjerast. Allkunne er i denne saka skuldlaust blitt påført kostnader. Det er som kjent den som gjer noko ulovleg, ikkje den som blir utsett for lovbrøt, som må bere kostnaden det brotsverket medfører.

10. Er dette å motarbeide meir nynorsk på nettet?

Allkunne er skipa med det eine føremålet å utvikle elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk og dermed gi publikum meir godt stoff på Internett på nynorsk. Alle som er med og bruker nynorsk på Internett, gjer eit viktig språkpolitisk arbeid. Bruk av nynorsk må fremjast på mange måtar, men innanfor gjeldande regelverk. Både vi og andre er svært opptekne av å styrkje nynorskbrukarane sine språklege rettar. Det må ikkje gjerast ved å krenkje andre sine rettar, i dette tilfellet opphavsrettspersonar.

11. Wikipedia på nynorsk

Allkunne er for meir nynorsk på Internett. Wikipedia på nynorsk er viktig. Både Allkunne og Wikipedia på nynorsk trengst, fordi dei er ulike: Ein prinsipiell forskjell er at Allkunne byggjer på opphavsrett og signerte artiklar. Wikipedia har som mål å skape innhald som ikkje er bunde av opphavsretten. Også i det arbeidet må andre sine opphavsrettar respekterast.